




Uttale til planinitiativ på ytre Eidsnes gbnr. 215/2

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

I byggesak 16/3990 er det gjeve løyve til etablering av 9,5 m³ slamavskiljar og avløpsleiding til sjø. Denne saka er avslutta med ferdigattest datert 12.12.2017.

Utsleppsløyvet er gitt til eigedom 215/2 for inntil 5 pe (personekvivalenter).



Eigedom gbnr. 215/88 har fått løyve til oppføring av einebustad i sak 30/325, datert 11.02.2020. Denne einebustaden skal ha avløp til eksisterande 9,5 m³ slamavskiljar.

Eigedom gbnr. 215/89 er ikkje bebygd, men skal også knytast denne slamavskiljaren. Slamavskiljar på 9,5 m³ er tilstrekkeleg dimensjonering for inntil 3 bueiningar (15 pe). Kapasiteten på denne vil såleis vere brukt opp ved utbygging av gbnr. 215/89

Vidare utbygging av gbnr. 215/2 vil krevje tilstrekkeleg dimensjonert slamavskiljar.

«Formålet med planen er å utvikle eigedomen og leggje til rette for til saman fem einebustader. Frådelte eigedomar 215/88 og 215/89 inngår i planarbeidet.»

Slik eg tolkar dette kan det vere aktuelt å auke med 3 bustadar innanfor planområdet. Dette medfører at slamavskiljarkapasitet må aukast med minimum 9,5 m³.

Leidning i sjø er godkjent i sak 16/3990, datert 18.08.2017. Leidningen er dimensjonert for å kunne handtere gråvatn frå alle dei 6 aktuelle bueiningar. (1 eksisterande + 5 nye).

Konklusjon:

Leidningsnett og utslepp i sjø er godkjent og tilstrekkeleg dimensjonert for dei planane som ligg føre. Slamavskiljarkapasitet må aukast med minimum 9,5 m³ før det kan gjevast utsleppsløyve for dei 3 siste einebustadane.

Frekhaug 29.06.2020

Hogne Askeland

konsulent Alver kommune, avd. Miljø og tilsyn.